



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 30.09.2020

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 09:00 - 12:00

Orientering

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik vil orientera om årsturnus i helse og omsorgssektoren.

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalsleiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Magne Hestad		Arbeidstakarrepr.
Marit Midtun		Arbeidstakarrepr.

Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland,

Assisterander rådmann Åse Elin Myking

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR TITTEL

06/2020 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

07/2020 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

08/2020 OM ARBEIDSMILJØUTVALET



09/2020 SENIORPOLITIKK

06/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 30.09.2020

Behandling:

Protokollmerknad 1:

Magne Hestad, arbeidstakarrepresentant, etterlyste orientering om heiltidskultur og sjukefråvær som fast punkt i innkallinga.

Protokollmerknad 2:

Utvalet vedtok i førre møte at vedlferdspermisjonar og reglement for tillitsvalde sine permisjonar vart handsama i neste møte. Thor Andersen, Ap ønska å få protokollført at saka ikkje er oppført på sakslista.

Innkalling med merknader vart samråystes godkjend

ADM - sak 06/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

07/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 30.09.2020

Behandling:

Samråystes godkjend.

ADM - sak 07/2020 Vedtak/Tilråding:



Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

08/2020: OM ARBEIDSMILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert sendt til ombudsutvalet for vurdering av korleis kommunen skal kome i samsvar med kommunelova når det gjeld representantar til arbeidsmiljøutvalet. Ombodsutvalet innstiller til vedtak i kommunestyret.

Forslag til vedtak frå Kjartan Haugsnes, SV.

1. Saka vert sendt til kommunestyret for vurdering av korleis kommunen skal kome i samsvar med kommunelova når det gjeld representantar til arbeidsmiljøutvalet .
2. Administrasjonsutvalet ber om at vararepresentantar mottek innkalling, protokoll og sakspapir til/frå møta

Administrasjonsutvalet 30.09.2020

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Kjartan Haugsnes, SV la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Saka vert sendt til kommunestyret for vurdering av korleis kommunen skal kome i samsvar med kommunelova når det gjeld representantar til arbeidsmiljøutvalet.
2. Administrasjonsutvalet ber om at vararepresentantar mottek innkalling, protokoll og sakspapir til/frå møta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Kjartan Haugsnes, SV sitt framlegg til vedtak. Utvalet var samd i at ein kunne røysta over begge punkta samtidig.

Kjartan Haugsnes, SV sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 08/2020 Vedtak/Tilråding:

1. Saka vert sendt til kommunestyret for vurdering av korleis kommunen skal kome i samsvar med kommunelova når det gjeld representantar til arbeidsmiljøutvalet .



2. Adminstrasjonsutvalet ber om at vararepresentantar mottek innkalling, protokoll og sakspapir til/frå møta

09/2020: SENIORPOLITIKK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Adminstrasjonsutvalet støttar forslaget om meir aktiv informasjon om kommunen sin seniorpolitikk.

Adminstrasjonsutvalet 30.09.2020

Behandling:

Assisterande rådmann Åse Elin Myking orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka.

Lillian Seim, Arbeidstakarrepresentant la fram eit tilleggsforslag:

Seniortiltak skal inn som ein obligatorisk del av medarbeidarsamtalen til alle tilsette, 60 år og eldre. Der desse ikkje ynskjer eller får tilbod om medarbeidarsamtale, skal arbeidsgjevar sikre at dei blir kalla inn til ein eigen seniorsamtale.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak som vart samråystes vedteke.

Det vart deretter røysta over tilleggsforslaget som vart samråystes vedteke.

ADM - sak 09/2020 Vedtak/Tilråding:

Adminstrasjonsutvalet støttar forslaget om meir aktiv informasjon om kommunen sin seniorpolitikk.

Seniortiltak skal inn som ein obligatorisk del av medarbeidarsamtalen til alle tilsette, 60 år og eldre. Der desse ikkje ynskjer eller får tilbod om medarbeidarsamtale, skal arbeidsgjevar sikre at dei blir kalla inn til ein eigen seniorsamtale.



ORIENTERINGAR

Einingsleiar for helse og omsorg Sigrunn Stamnes Vik orienterte om heiltidskultur og årsturnus.

Assisterande rådmann Åse Elin Myking orienterte om sjukefråvær.

SPØRSMÅL

Amalie Johnsen Lunde, H, stilte spørsmål knytt til tariffavtalar og oppfølging av desse.
Rådmannen svarte.

Erlend Hesjedal- Johannessen, H, stilte spørsmål knytt til arbeidsavtalar, stillingsinstruks og kjennskap til nærmeste leiar.
Rådmannen svarte.

Kjartan Haugsnes, SV, stilte spørsmål knytt til organisasjonskart og organisasjonsgjennomgang.
Rådmannen svarte.

Amalie Johnsen Lunde, H ba om at kommunen skal gjennomføre opplæring med gjennomgang av tariffavtalar for leiarar og tillitsvalde.
Rådmannen svarte

Erlend Hesjedal-Johannessen, H stilte spørsmål knytt til felles "politikk" hos ulike avdelingar.
Rådmannen svarte.